



Fylkesmannen i Hordaland
Postboks 7310
5020 BERGEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/485 - 17/6060

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no


Dato:
09.05.2017

Byggesak gbnr 43/148 og 43/149 Toska - fritidsbustad - dispensasjon frå arealføremål LNF - oversending for uttale

Saka gjeld søknad om oppføring av fritidsbustad.

Planstatus

Eigedomen er ein frådelt eigedom som ligg i område som etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 har arealføremål landbruk, natur og friluftsliv (LNF).



Utsnitt frå Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23

Dispensasjon

Tiltaket krev dispensasjon frå arealføremål LNF.

Vurdering

Det er i sak 67/03, 47/05, 85/05 og 27/06 gjeve løyve til frådelling av 6 tomter frå gbnr 43/4 og 9 med føremål fritidsbustad. Både Hordaland fylkeskommune (ref. 200408 508-3/713.T04/JAKS av 13.12.04) og Fylkesmannen i Hordaland (ref. 2004/17023 av 19.01.05) gav uttale i saka i 2003.

Det er vidare i perioden 2006-2008 gjeve løyve til oppføring av fem fritidsbustader (gbnr 43/137, 43/144, 43/146, 43/147 og 43/150). Alle byggesakene er handsama utan dispensasjon frå arealføremål.

Eigedomen gbnr 43/148,149 er den siste fråskilde eigedomen innafør området. Slik området er utbygd, fremstår området som eit hyttefelt.



Ortofoto 2015

Ein dispensasjon til å føre opp den siste fritidsbustaden i området vil ikkje endre tilhøva i vesentleg grad. Når området først er faktisk omdisponert frå landbruk til byggeområdet ser kommunen det som eit føremonn å fortette området, framfor å ta i bruk nye ubygde områder. Kommunen sin førebels vurdering er difor at det vil vere grunnlag for å gje dispensasjon frå arealføremål LNF etter plan- og bygningslova § 19-2 for oppføring av fritidsbustad på den siste eigedomen.

Veg

Eigedomen har tilkomst til offentleg veg via privat veg. Før søknad om løyve til tiltak kan handamast må det søkjast om utvida bruk av avkjørsle etter veglova. Det må også leggast fram dokumentasjon for vegrett.

VA

Det er i tidlegeare byggesaker vist til at området har kommunalt vatn og privat felles avlaupsanlegg. Før søknad om løyve til tiltak kan handsamast må det leggjast fram dokumentasjon for utsleppsløyve, tilknytning til offentleg leidningsnett og rett til å koble seg til eksisterande leidningsnett i området.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

M Haugland Bygg AS	Mjøs	5939	SLETTA
--------------------	------	------	--------

Mottakarar:

Felles landbrukskontor for Fedje, Austrheim og Radøy			
Fylkesmannen i Hordaland	Postboks 7310	5020	BERGEN
Hordaland Fylkeskommune - Kultur- og idrettsavdelinga	Postboks 7900	5020	BERGEN